



# Videodokumentasjon og korona – Memoar som samtidssamlar

Line Grønstad

Munnleg historie for alle, Memoar.

E-post:line.gronstad@memoar.no

## Abstract

Only days after Norway closed down in March 2020, the documentation of how people experienced their life began through qualitative questionnaires at the tradition archive Norwegian ethnological research. Shortly after, the organization Memoar began adding video interviews to this project. This article is a description of how the interviews were conducted, and by whom, as well as suggesting some strengths and limitations to this material.

## Keywords:

- *video interviews*
- *Covid-19*
- *memoar, documenting everyday life*

I løpet av året 2020 gjennomførte Memoar rundt 100 videointervju med koronapandemien som fellesnemnar. Dette byrja leiar for Memoar, frilansar, journalist og kulturhistorisk videodokumentasjonsaktivist Bjørn Enes med, om lag samstundes med at kulturhistorikar og fyrstekonservator Audun Kjus ved Norsk etnologisk gransking sette i gang med ei systematisk innsamling av koronaminner gjennom nettstaden [www.minner.no](http://www.minner.no) (Minner). Dette var berre nokre dagar etter at Noreg stengte ned 12. mars. Koronaintervjua til Memoar vart snart lagt ut som del av den samla mengda med dokumentasjon av daglegliv og betraktningar tilgjengeleg for forskning og anna bruk på denne nettstaden, i tillegg til på Memoar sine egne nettsider.<sup>1</sup> Føremålet i denne teksten er å fortelje om denne Memoar-initierte delen av koronasamlinga.

Eg vil skildre prosjektet slik det har utvikla seg, korleis videointervjua har blitt gjennomført, kva slags materiale som finst i samlinga, og noko om styrker og svakheiter ved korpusen med intervju som finst der i skrivande stund.

Memoar er ein frivillig organisasjon organisert som eit lokallhistorielag, som har som føremål å «fremja ein kultur for å ta vare på og dela munnlege forteljningar om levd liv». *Munnleg historie for alle* (MHA) er det største prosjektet som Memoar har, og det finansierar 2-3 stillingar i prosjektperioden 2019-2023. Finansieringa kjem frå Sparebankstiftelsen DNB, og innanfor prosjektet arbeider vi spesielt med å ta vare på forteljningar gjennom videointervju og opplæring knytt til dette over heile Noreg. At det plutsleg ikkje lenger var høve til å reise landet rundt for å halde kurs i videointervju

1. [www.memoar.no/korona](http://www.memoar.no/korona)

og dokumentasjon av munnleg kjeldestoff, opna for å tenke annleis rundt ressursane. Tid elles nytta til å reise kunne no nyttast til å dokumentere, men med pandemisituasjonen som bakteppe, og med dataskjermen mellom intervjuar og forteljar.

Audun Kjus har lenge vore oppteken av kor viktig det er å arbeide med kriedokumentasjon, til dømes gjennom innlegg han heldt på Memoarkonferansen både i 2018 og 2020<sup>2</sup> og i *Museumsnytt*. Han og kollegaene Olav Aaraas, Marie Skoie og Linnea Bjørk såg raskt at den valdsame omveltinga i samfunnet som koronaepidemien utgjorde nettopp var ei slik krise som burde dokumenterast der og då, og som endra seg nærast frå dag til dag. Dei utarbeidde dermed ei spørjelite der enkeltpersonar vart oppmoda om å dele sine erfaringar og opplevingar under pandemien gjennom skriftlege spørjelistesvar sendt inn gjennom Minner.<sup>3</sup> Koronaintervjua gjennomført i regi av Memoar vart snart lagt ut som del av den samla mengda med dokumentasjon av daglegliv og betraktningar tilgjengeleg for forskning og anna bruk på Minner, i tillegg til på Memoar sine eigne nettsider. Nokre av intervjua har seinare blitt skildra i artikkelen Koronasamtalar – videointervju om koronakvardagen (Grønstad 2021), og i podkastserien Virus (Hasselberg og Kjus 2021). Det er ikkje lett å skilje dei ut som ei eiga samling på Minner utan å gå inn på kvart enkelt oppføring. Likevel er dette eit forsøk på å gjere greie nett for korleis Memoar har arbeidd, og korleis videointervjua frå Memoar har vakse fram. Slik sett kan det seiast at dei høver inn i den større samanhengen og breidda av kulturhistorisk dokumentasjon av koronakvardag og koronakrise, og for ettertida er det vel heller den

samla breidda som er interessant heller enn den enkelte innsamlingsmetoden.

### Om intervjuarane

Det er fleire som har gjennomført ‘koronasamtalar’ gjennom videointervju for Memoar. Bjørn Enes, fødd 1951 frå Ryfylke og Kristiansand, og busett i Bergen, sparka som skriven i gang Memoar og MHA sin del av innsamlingsarbeidet. Maylinn Hovengen Byrknes, fødd 2000 frå Alver, var den neste som gjennomførte intervju. Ho hadde litt tid mellom skule og militærteneste og studie. Frilansjournalist Cathrine Hasselberg fødd 1984 frå Spikkestad, var den neste som vart engasjert. Koronasituasjonen gjorde at jobben ho skulle byrje med i Vietnam fall vekk. Dette fortel ho om i eit intervju som Enes gjorde med henne tidleg i perioden.<sup>4</sup> Hasselberg har skrivne masteroppgåve om den amerikanske munnleg historieorganisasjonen *Storycorp* og hadde dermed lenge vore opptatt av munnleg historie og formidling av enkeltmenneska sine liv (Hasselberg 2014). Ho vart etter kvart engasjert i full tid til å arbeide i MHA i Oslo, og gjennomfører jamleg koronasamtalar. Kulturvitar Sara Kohne, fødd 1984 i Berlin og busett i Bergen, gjennomførte koronasamtalar sommar og tidleg haust i 2020. Masterstudent i kulturvitskap Johan Knutsen, fødd 1991 frå Karmøy, gjennomførte også koronasamtalar sommaren 2020. Til sist har kulturhistorikar og frilansar Kathrine Klinkenberg, fødd 1971 frå Oslo, gjort slike intervju. Som pandemien, er heller ikkje koronaprojektet over, og held fram inn i 2021.

Intervjuarane er her presentert med fødselsår, fagbakgrunn og kvar dei kjem frå. Sjølv om dette langt frå er dekkande for dei som individ, seiast det noko om ein variasjon

---

2. [memoarkonferansen.no](http://memoarkonferansen.no)

3. [www.minner.no/korona](http://www.minner.no/korona)

4. [memoar.no/korona/kor/hasselberg](http://memoar.no/korona/kor/hasselberg)

i bakgrunn. Denne variasjonen viser seg også i kva slags personar som har blitt intervjuar, fordi dei gjerne har blitt rekruttert gjennom nettverka til intervjuarane. Til dømes har Byrknes mellom anna intervjuar ein del unge personar som framleis går på vidaregåande skule, og Kohne har intervjuar doktorgradstipendiatar og personar med tilknytning til Tyskland. Enes og Hasselberg har begge gjort oppsøkkende verksemd ved å ha auga opne for personar som har uttrykt seg om situasjonen sin i den vide nettverket sitt. Særleg Hasselberg har også tatt kontakt med aktuelle personar utanfor nettverket sitt, og slik inkludert røyster som elles kunne bli forbigått. Likevel er det klart at auga og sinnet som leitar etter personar med interessante forteljingar å dele, påverkar kven som blir spurt og kanskje også kven som ønskjer å dele sine forteljingar. Premissen er uansett at «alle har ei forteljing å dele», som er mottoet for Memoar sin aktivitet.

### Om gjennomføringa av intervjuar

Dei aller fleste intervjuar vart gjennomført gjennom videointervju. Desse fungerte som vanlege videomøte, og vi nytta opptaksfunksjonar. Fram til september 2020 hadde møtetenestane funksjonalitetar som uavgrensa opptaksmoglegheit tilgjengeleg også i gratisversjonane. Val av teneste har såleis tatt opp ein del tid for oss på slutten av 2020 og byrjinga av 2021 ved at dette ikkje lenger var tilfelle.

Ei ulempe ved dei digitale møteplattformer er at opptaket blir gjort av den personen som til ein kvar tid snakkar. Det fungerer oftast fint, men i dei tilfella der forteljaren har snakka døvespråk, og det har vore ein døvetolk til stades slik at møtet i praksis har vore mellom tre personar, har opptaket

blitt gjort utelukkande med tolk og intervjuar synleg i bildet.<sup>5</sup> Vi utforskar difor vidare andre former for opptak, som til dømes Open Broadcast Software (obsproject.com), som kan ta opptak av skjermen til intervjuaren, og dermed det intervjuaren stiller samtalen inn på i bildet. Den praktiske gjennomføringa endrar seg med teknologien og tilbodet som finst av løysingar, men prinsippet har vore det same gjennom prosessen – intervjuet blir gjennomført som eit digitalt møte som har blitt tatt opp anten til skytenester som google sin, eller til den enkelte datamaskina hos intervjuar, og som så har inngått i databasen til Memoar og til minner.no

Intervjuar startar med at intervjuar spør forteljaren om vedkommande aksepterer at det blir gjort opptak av samtalen, og avsluttar med spørsmål om det er i orden at opptaket blir arkivert for forskning, og eventuelt gjort tilgjengeleg for eit allment publikum. Oftast har forteljar akseptert dette, men ved nokre høve har dei ønska dette annleis. Det kan handle om at forteljingane dei deler har vore personlege, og har handla om sårbare tema som einsemd og helseforhold. Det kan også vere tilfelle der forteljarane ikkje ønskjer å vere tilgjengelege på internett. I nokre høve har også denne avtalen blitt gjort i etterkant av intervjuet. Ved alle opptaka som er lagt ut opne på nettsidene, har forteljaren gitt løyve.

Vi har ein intervjuguide som kan fungere som forslag til tema å fortelje om i intervjuet,<sup>6</sup> og det er også spørsmål på [www.minner.no/tema/korona](http://www.minner.no/tema/korona) og [www.minner.no/tema/korona-2](http://www.minner.no/tema/korona-2) som både fungerer som peikarar for kva enkeltpersonar kan skrive om eller fortelje om direkte til arkivet, og som rettleiar for intervjuarane

5. Sjå til dømes <http://www.memoar.no/korona/aug/petternoddeland>.

6. [https://docs.google.com/presentation/d/e/2PACX-1vSuaFqpLb644-0jdf1Bu\\_qXiimVJ3QvTZuJbyqyknigjn0aUxVPR52Hfo6VTahpi1X\\_om6D0inLrzdd/pub?start=false&loop=false&delayms=3000&slide=id.g853df05e1e\\_0\\_7](https://docs.google.com/presentation/d/e/2PACX-1vSuaFqpLb644-0jdf1Bu_qXiimVJ3QvTZuJbyqyknigjn0aUxVPR52Hfo6VTahpi1X_om6D0inLrzdd/pub?start=false&loop=false&delayms=3000&slide=id.g853df05e1e_0_7)

i møtet med forteljarane framfor skjermen eller videokameraet. Men ofte har forteljarane blitt rekrutterte fordi dei har vore i ein spesiell situasjon eller har ei viss erfaring som er det som intervjuet i stor grad handlar om. Dette kan vere erfaringa som far til vaksne barn på institusjon,<sup>7</sup> pressesjef for russen i Oslo,<sup>8</sup> eller som EU-utsendt sjukepleiar til Bergamo i Italia, då dei sleit som verst med pandemien der.<sup>9</sup>

Intervjuarane skriv så eit kort samandrag av samtalen, som blir arkivert med opptaket og levert til Minner i lag med opptaket. Dato for opptak, namn på forteljar og intervjuar, og fødselsdato for forteljar blir også inkludert i arkivet i lag med opptak og samandrag. Alt blir likeins også arkivert hos Memoar, og det som kan publiserast, blir lagt ut på Memoar sine nettsider<sup>10</sup> i tillegg til Minner.no.

### Om videomaterialet i koronasamlinga

I skrivande stund er det som nemnt gjennomført om lag 100 videointervju. Dei yngste er fødd på 2000-talet, og er for det meste tenåringar, men også nokre barn er intervjuar. Dei eldste er i 90-åra, og vart fødd på (19)20-talet. Dei aller fleste bur i Noreg, men det er også enkelte som har tilknytning til Noreg, og bur andre stader. Nokre har opphavsland som Kurdistan, Sverige, Tyskland og Syria. I Noreg bur dei i Åseral, Åsane, Ålesund og Hammerfest. Nokre bur aleine. Andre bur i lag med foreldre, med barn, med livspartnar eller medstudentar i kollektiv. Det er flest kvinner som fortel, men også ei rekke menn. Språk i intervjuar er for det meste norsk, medan nokre har blitt gjennomført på engelsk, og forteljarane har også tala til dømes svensk og døvespråk.

### Styrkar, svakheiter og vegen vidare

I det samla materiale er mange såkalla vanlege historier inkludert, som kanskje fleire kan kjenne seg att i, men også forteljingar om å gå glipp av gravferda til nære slektningar på grunn av smittevern eller reiseforbod.<sup>11</sup> Mange fortel om usikkerheit i arbeidssituasjonen sin, men vi kunne gjerne hatt fleire som fortel om tap av arbeid og omstillingar som følgje av permisjonar og stenge arbeidsplassar. Psykisk helse skulle vi gjerne hatt meir om. For kva gjer det med ein å isolere seg? Og kva gjer det med personar som er isolerte i utgangspunktet, til dømes på grunn av demens, og som dermed kan hende har vanskar med å forstå kvifor dei får færre besøk enn før? Forteljingar frå personar i maktposisjonar, som politikarar og som arbeider med pandemiltak i Folkehelseinstituttet kunne vi ønske oss meir av. Helsesektoren er representert, men her tenker vi også det ligg mange erfaringar som kan høyre heime i samlinga. Når det gjeld sjukepleiarane har for øvrig temaredaktør Liv Bjørnhaug Johansen ved tidskriftet *Sykepleien* (Johansen 2020a) gjort eit stort innsamlingsarbeide av ulike typar forteljingar frå feltet, som ho også presenterte på Memoarkonferansen 2020 (Johansen 2020a; 2020b; 2021). Utelivssektoren og kultursektoren kunne vi gjerne hatt fleire forteljingar frå. Forteljingar om konspirasjonsteoriar og trua på at pandemien er menneskeskapa eller lite alvorleg manglar også.

Saman med forteljingar på Minner som har komme til på anna vis, utgjer videointervjuar likevel ein fin heilskap, og innsamlinga er pågåande, og vil halde fram også utover i 2021.

7. [www.memoar.no/korona/kor/tomskaug](http://www.memoar.no/korona/kor/tomskaug)

8. [www.memoar.no/korona/kor/tollefsen](http://www.memoar.no/korona/kor/tollefsen)

9. <https://minner.no/tema/korona/2227>

10. [www.memoar.no/korona](http://www.memoar.no/korona)

11. <https://minner.no/tema/korona/2297>

## Kjeldeliste

- Grønstad, Line Førre 2021.  
Koronasamtalar – videointervju om koronakvardagen. Folkeminner. *Tidsskrift for Norsk Folkeminnelag* 72 s. 51-59.
- Hasselberg, Cathrine og Audun Kjus 2021. Virus. En podkast fra Memoar og Norsk Folkemuseum.
- Hasselberg, Cathrine 2014. *Everyone has a story*. MA Radio Production, University of Bournemouth.
- Johansen, Liv Bjørnhaug 2020a. Sykepleie i koronaens tid. *Sykepleien* 3/1 Sykepleien 3/2020 #koronadagbøkene del 1: Oppstarten januar-februar | Sykepleien.
- Johansen, Liv Bjørnhaug 2020b. Mål: Dokumentere sykepleieres liv og arbeid i første fase av pandemien. Presentasjon på Memoarkonferansen 2020, 23 oktober. <https://vimeo.com/472107352>
- Johansen, Liv Bjørnhaug 2021. *Den lange vakta*. Oslo: Manifest
- Aaraas, Olav, Marie Skoie, Linnea Björk og Audun Kjus 2020. Krisedokumentasjon. En viktig oppgave for museene. *Museumsnytt*. Publisert 8. april. [museumsnytt.no/krisedokumentasjon-en-viktig-oppgave-for-museene/](https://museumsnytt.no/krisedokumentasjon-en-viktig-oppgave-for-museene/)

## Nettressursar

- Enes, Bjørn 2020. Presentasjon av gjennomføring av videointervju med korona som tema. [https://docs.google.com/presentation/d/e/2PACX-1vSuaFqpLb644-0jdf1Bu\\_qXiimVJ3QvTZuJbyqknigjn0aUxVPR52Hfo6VTahpi1X\\_om6D0inLrzdd/pub?start=false&loop=false&delays=3000&slide=id.g853df05e1e\\_0\\_7](https://docs.google.com/presentation/d/e/2PACX-1vSuaFqpLb644-0jdf1Bu_qXiimVJ3QvTZuJbyqknigjn0aUxVPR52Hfo6VTahpi1X_om6D0inLrzdd/pub?start=false&loop=false&delays=3000&slide=id.g853df05e1e_0_7) (lest 08.02.2021)
- [www.memoar.no/korona](http://www.memoar.no/korona) (lest 08.02.2021)
- [www.memoarkonferansen.no](http://www.memoarkonferansen.no) (lest 08.02.2021)
- [www.minner.no/korona](http://www.minner.no/korona) (lest 08.02.2021)

## Videointervju

- [www.memoar.no/korona/kor/tomskaug](http://www.memoar.no/korona/kor/tomskaug) (lest 08.02.2021)
- [www.memoar.no/korona/kor/tollefsen](http://www.memoar.no/korona/kor/tollefsen) (lest 08.02.2021)
- [www.memoar.no/korona/kor/hasselberg](http://www.memoar.no/korona/kor/hasselberg) (lest 08.02.2021)
- [www.memoar.no/korona/aug/petternoddeland](http://www.memoar.no/korona/aug/petternoddeland). (lest 08.02.2021)
- <https://minner.no/tema/korona/2227> (lest 08.02.2021)
- <https://minner.no/tema/korona/2297> (lest 08.02.2021)